

HALDENVASSDRAGSPROSJEKTET



- EI EVALUERING AV RÅDGJEVINGSDELEN OG
MOTIVA HJÅ GARDBRUKARANE FOR Å DELTA.

SEMESTEROPPGÅVE AV

Roar Flatland

og

Svein Arne Vågane

HOVUDKURSET I PEAGOGIKK 1992

INSTITUTT FOR ØKONOMI OG SAMFUNNSFAG

NLH-SEM AVD. ASKER 1992

FORORD.

Dette er ei semesteroppgåve i hovudkurset pedagogikk ved NLH avd. Asker.

Vi valde å ta denne oppgåva då vi ville ha meir kunnskap om rådgjeving og korleis det fungerer. I denne sammenheng var det gunstig at vi kunne bli med på evalueringa av Haldensvassdragsprosjekt. Vi har nytta oss av spørjesundersøkinga som vart gjennomført inneverande år i samband med evalueringa. Vi fekk dermed ein fin innfallsvinkel til rådgjevings- og motivasjonsteorien som vi har nytta oss av.

Ein stor TAKK til Solveig Strangstadstuen som lot oss vere med på evalueringa av prosjektet og som lot oss få bruke data frå spørjesundersøkinga samt all mogeleg hjelp undervegs. Dette har vore lærerikt og nyttig for oss!

Ås 31.november 1992



Roar Flatland



Svein Arne Vågane

SAMANDRAG.

I denne oppgåva har vi teke for oss Haldenvassdragsprosjektet og evaluert rådgjevingssdelen i denne samt at vi har prøvd å forklare motiva bøndene har for å delta i prosjektet.

Dette har vi gjort med bakgrunn i ein spørjeundersøking som blei gjennomført inneverande haust av evaleringsgruppa til Haldenvassdragsprosjektet. Vi var sjølve med å utforme spørjeundersøkinga og deltok aktivt i intervjufasen. På grunnlag av denne spørjeundersøkinga har vi foretatt ei kvantitativ analyse med supplerande kvalitative opplysningar. Resultatet av denne framstillinga er saman med pedagogisk teori nytta til å drøfte materialet. Vi har valt å legge vekt på pedagogisk teori og motivasjonsteori då dette underbygger materialet best.

Haldenvassdragsprosjektet kan seiast å vere vellukka. Det som prosjektleiinga sette seg som mål når det gjeld areal omlagt i stubb, er oppnådd. Samstundes har sjølve rådgjevingssdelen gått bra. Bøndene meinte at prosjektleiinga si fokusering på samarbeid var bra, at dei sjølve var blitt dregne med i prosjektet og at problemet var relevant for deira livssituasjon. Prosjektet har fungert bra gjennom heile prosessen var det inntrykket vi sat att med etter spørjeundersøkinga.

Motivasjonsgrunnlaget hjå bøndene for å bli med er ikkje eintydig. Bøndene si handling/manglande handling kan delvis forklarast ut frå ein forenkla modell av Maslow og Herzberg sine behovshierarki. Enkelte bønder satsar på tryggleiksmomentet og heldt seg passiv til prosjektet, medan andre vert realiserte gjennom prosjektet og vart med. Andre årsakar som skuldast mellom anna skilnad i alder, utdanning og bakgrunn er truleg like viktig forklaring til kvifor nokon vert med og andre ikkje.

Det er lite vi kan sette fingeren på ved prosjektet. Det synes å vere eit bra gjennomført prosjekt ut frå det materialet vi har vurdert.

INNHALDSLISTE

1. Innleiing.....	1
2. Beskrivelse av området.....	2
3. Pedagogisk teori.....	6
3.1. Pedagogiske omgrep.....	6
3.2. Rådgevingsteori.....	8
3.3. Motivasjonsteori.....	14
3.4. Meir om problemstillinga.....	18
4. Resultat, framstilling og drøfting.....	21
4.1. Ytre produktivitet, måloppnåing.....	21
4.2. Indre produktivitet, prosessen.....	25
4.3. Kvifor vart bøndene med?.....	27
5. Diskusjon - Konklusjon.....	33
5.1. Rådgevingsdelen.....	33
5.2. Motivasjonsdelen.....	35
5.3. Kva kunne ha vore gjort ansleis?.....	38

Litteraturliste

Vedlegg:

Spørjeskjema A

Spørjeskjema B

1. INNLEIING.

Landbruksprosjektet i Haldensvassdraget er eit samarbeidsprosjekt mellom Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet. Prosjektet omfattar tre kommunar i Østfold - Halden, Aremark og Marker samt Aurskog-Høland i Akershus og vart starta opp vinteren 1989/90. Prosjektet vert avslutta vinteren 1993.

Bakgrunnen for prosjektet er den store avrenninga av jord og næringsstoff frå open åker som har foregått siste åra. Dette har ført til ein svært dårleg vasskvalitet enkelte stader i vassdraget.

Hovudmåla i prosjektet er i fylgje landbruksprosjektet sin årsrapport frå 1991 "*å redusere landbruksforurensningene til Haldenvassdraget for å bedre vannkvaliteten med sikte på drikkevann, industrivann, friluftsliv og rekreasjon. Det er også et viktig mål å bidra til oppfyllelse av Nordsjøavtalen om halvering av næringsstofftilførslene til kysten i perioden fra 1985 til 1995*". Vidare har prosjektleiinga sett seg som mål at 50-60 prosent av kornarealet skal overvintre som stubbåker, hauskorn eller gras/frø innan vinteren 1992/93.

For å nå desse måla har prosjektleiinga lagt vekt på at deltakarane skulle få økonomisk kompensasjon ved å delta. Vidare vart det lagt vekt på friviljug deltaking og samarbeid mellom deltakarane innbyrdes og mellom deltakarane og prosjektleiinga samt andre offentlege instansar. Eit viktig moment var det at deltakarane sjølv kunne vere med å bestemme, ved at dei vart organiserte i elve- og grendelag. Dette førte til at kvar grend kunne bestemme over sin eigen bekk. Prosjektleiinga la også vekt på å nå fram med positiv informasjon om framgangen i prosjektet.

Med bakgrunn i dette har vi valt å setje opp ei **todelt problemstilling** i oppgåva.

Vi vil:

1. **Evaluerer rådgjevingdelen av prosjektet.**
2. **Prøve å finne motivasjonsgrunnlaget til bøndene til kvifor dei vart med/ikkje vart med.**

Desse problemstillingane har ein samanheng og for å få ein pedagogisk innfallsvinkel på desse problemstillingane, har vi nytta oss av rådgjevingsteori og motivasjonsteori.


Rådgevingsdelen har vi delt i to innfallsvinklar:

1. Kor vellykka har rådgevinga i prosjektet vore med tanke på å nå dei ulike måla i prosjektet.
2. Korleis har sjølve rådgevinga foregått på vegen mot målet med andre ord kva har vore gjort gjennom prosjektperioden.

Vi bygger denne oppgåva på opplysningar frå eit spørjeskjema som evalueringsgruppa for Landbruksprosjektet i Haldenvassdraget har laga inneverande år. Vi var også med på utforminga av spørsmål og deltok aktivt med intervjuing. Totalt deltok 60 gardbrukarar langs vassdraget i spørjeundersøkinga. Av desse hadde 44 gardbrukarar delteke i prosjektet medan 16 ikkje hadde vore med. Til vurdering av resultatane frå spørjeundersøkinga valde vi å bruke enkel kvantitativ metode med supplerande kvalitative opplysningar frå brukarane.

2. BESKRIVELSE AV OMRÅDET.

Haldenvassdraget startar ved innsjøen Floen nord for Bjørkelangen i Aurskog Høland og buktar seg over ti mil sørover langs svenskegrensa via Østfoldkommunane Marker og Aremark før det til slutt endar i Iddefjorden ved Halden. Figur 1 syner eit kart over Haldenvassdraget.



Figur 1. Lokalisering av området.

I Haldenvassdraget finn ein idylliske elvar og innsjøar, fossefall og sluseanlegg som vitnar om tidlegare aktivitet. I dag er vassdraget eit viktig rekreasjonsområde for befolkninga i området. Landbruksforeininga er størst i dei øvre delane av vassdraget, noko som dermed får betydning for heile vassdraget (Halden Arbeiderblad 1990).



Figur 2. Overvintring i stubb.



Figur 3. Haustpløgd åker.

Haldenvassdraget renn gjennom eit område som er prega av jord- og skogbruk. Antal daa jordbruksareal er 204 km² (Aschehoug og Gyldendal 1979) og 85 prosent er kornareal. Det er lite husdyrhald i området. I dei øvre og nedre delane av vassdraget er det i tillegg ein del industri. Figur 2 viser ein delvis oversvømt åker som overvintrar i stubb. Med overvintring i stubb meinast at det ikkje vert føreteke jordarbeiding i åkeren før om våren. Kornstubben får såleis stå urørt over vinteren. Denne stubben beskyttar jorda mot vasserosjon. Figur 3 viser ein haustpløygd åker som er delvis oversvømt av vatn. I ein haustpløygd åker ligg jorda ubeskytta mot vasserosjon.

3 PEDAGOGISK TEORI.

Vi skal i dette kapitlet drøfte pedagogisk teori som bygger opp under dei problemstillingane vi har stilt. Det er i hovudsak rådgjevingsteori og motivasjonsteori. Men vi tykkjer også at det er på sin plass å utdjupe ein del relevante omgrep innan undervisningspedagogikken då det her er sentrale omgrep innan alt som har med formidling av kunnskap å gjere.

3.1. PEDAGOGISKE OMGREP.

KOMMUNIKASJON:

Kommunikasjon kan definerast som ein prosess som er nødvendig for å overføre ein beskjed eller meddeling (Notat Guldahl 1990). Det kan gjerast ved hjelp av ord eller utan ord. Ein forutsetning for at kommunikasjon skal finne stad, er at ein har evne til å kommunisere med andre. Kommunikasjon mellom to personar må skje ved hjelp symbol og kan illustrerast slik:

Sendars budskap-----> Informasjon -----> Mottakars kunnskap

Figur 4. Kommunikasjonprosessen (Hofset 1990).

Tilhøva mellom menneska verkar inn på kommunikasjonprosessen. Kommunikasjon er derfor nært knytta til sosiale samspel.

Kommunikasjon dannar fundamentet for pedagogikken og det som skjer gjennom rådgjevinga. Det er derfor viktig å kjenne til korleis kommunikasjonen fungerer for å kunne nå mål innan rådgjevinga. Vi skal utdjupe dette nærare ved ein kommunikasjonsmodell under framstillinga av rådgjevingsteorien i kapittel 3.2.

KUNNSKAP:

Kunnskap er i følge Hofset (1992) omgrep og omgrepsstrukturer. Strukturer er bilde for å

konkretisere den abstrakte kunnskapen. Både omgrep og strukturene kan endrast.

Vi kan forklare tileigning av kunnskap ved hjelp av to omgrep; "assimilasjon" og "akkommodasjon" (Piaget i Hofset 1992). Alle erfaringar som vi gjer, søker vi å innordne i vårt tidlegare kunnskapsforråd. Dette er assimilasjon. Det nye som vi opplev, les eller det som stemmer bra med vår eksisterande kunnskapstruktur tek vi opp utan motstand og prøvar å hugse det. Dersom det kjem informasjon som vanskeleg let seg forklare i vår eksisterande kunnskapstruktur, skapar det ein tilstand av ubalanse i oss og vi er freista til å oversjå den nye informasjonen. Men dersom det stadig kjem ny informasjon som ikkje høver i vår eksisterande oppfatning, kan resultatet verte at vi må endre våre gamle kunnskapstrukturer. Denne prosessen kallast akkommodasjon og kan føre til at vi får innsikt på eit høgare nivå.

MÅLSETTINGSTEORI.

Det er svært viktig å ha klare mål slik at ein kan oppnå resultat. Ei leiing av t.d. ein organisasjon kan ikkje velje sine egne mål utan å ta omsyn til andre grupper som er i eller utanfor organisasjonen. Etzioni (i Gabrielsen (1985)) definerte mål som dei tilstander ein kollektivt streber mot enten det er eingongsføremål eller kontinuerlege mål.

Med mål meinast det som vi tek sikte på å oppnå (Hofset 1992).

Vi har to typar av læringsmål som er aktuelle i denne oppgåva.

* kunnskapsmål

Denne type læringsmål har med det som gjeld kunnskap og viten.

Dette kan delast inn i ulike nivå etter kvalitet (Hofset 1992).

* haldningsmål

Haldningar er disposisjonar til å tenkje, føle og handle på bestemte måtar overfor bestemte ting, personar, situasjonar, idear osv (Hofset 1992). Haldning inneheld ein kjensle- og ein intellektuell komponent. Ei haldning fører gjerne også til motivasjon som leiar til handling. Haldningar lærast og kan påverkast ved læring.

Det er fleire grunnar til å setje seg mål (Etzioni i Gabrielsen (1985)).

1. Målsetting er ei rettesnor for arbeidet ved at den peikar på tilstander som prosjektet skal

freiste å realisere.

2. Målsettinga legitimerer verksemda ved at åtferda kan grunnleggjast ved å syne til måla.

3. Ein kan bruke målsettinga som eit hjelpemiddel når ein ynskjer å vurdere arbeidet. Dette kan gjerast ved å samanlikne oppnådde resultat med målsettinga.

Det er ofte slik at ein må sette fram delmål for å få hovudmålsettinga realisert. Eit døme kan vere at for å få reinare vatn i eit vassdrag (hovudmål), vil ein vere nøydd til å få gardbrukarane rundt vassdraget med på eit samarbeid. Dette vert då å sjå på som eit delmål.

3.2. RÅDGJEVINGSTEORI.

KVA ER RÅDGJEVING?


Rådgjeving kan definerast som overføring av yrkeskunnskap til personar sysselsette innan eit yrke (Hæggblom 1990). Ein rådgjevar si oppgåve er å hjelpe til å med definere og løyse bøndene sine problem.

Rådgjevinga er mynta på vaksne personar og skil seg derfor frå tradisjonell undervisningspedagogikk i skulen. I vanleg skulepedagogikk får elevane kunnskap slik at dei kan bruke dette seinare i livet i situasjonar som dei ikkje veit så mykje om. Ein har god tid og ein får mange leksjoner. Ved rådgjeving, til dømes eit kurs for bønder, hjelper ein bøndene til å løyse dei problema som dei har akkurat nå heime på garden. Det er knapt med tid og det er vesentleg å velje ut det som er viktig for bøndene (Op. cit)

Rådgjeving kan også definerast som eit verkemiddel for å få endra åtferd eller overtaling til å endre praksis (Nitsch 1990). Dette kan i hovudsak gjerast på to måtar eller som eit samspel mellom desse.

Endring av praksis:

1) Resultat av informasjon



Figur 5. Korleis bøndene kan endre praksis (Strangstadstuen 1992).


VILKÅR SOM MÅ VERE TIL STADES FOR AT RÅDGJEVING SKAL FUNGERE.

Det er ikkje alltid informasjon som vert gjeve når fram til målgruppa. Spørsmålet ein kan stille er når målgruppa er interessert eller ikkje i den informasjonen ein rådgjevar gjev.

Motivasjonen for å motta informasjon kan grupperast slik (Nitsch 1990):

- 1) **Innhaldet** i informasjonen interesserer oss.
- 2) Informasjonen er **utforma** slik at det er mogeleg å forstå innhaldet.
- 3) Vi har **tillit** til den personen eller det medium som formidlar informasjonen.

Dette kan oppsummerast i ein relevansmodell (figur 6) som beskriv informasjonsverksemda som eit møte mellom ulike røyndomar. For at sendaren sin informasjon skal nå fram til målgruppa, må innhaldet i informasjonen vere relevant i forhold til målgruppa sitt opplevde behov og forutsetning for å ta del i dette. Ein hovudårsak til at det kan vere vanskeleg å oppfylle desse grunnleggande vilkåra, er at sendaren (rådgjevaren) og målgruppa lever i ulike miljø og arbeider med ulike saker. Dette gjev dei ulike oppfatningar av røyndomen og kva som er viktig.



Figur 6. Relevansmodellen (Nitsch 1990).


Eit døme på skilnad i miljø mellom sendaren og rådgjevaren kan vere arbeidsmiljøet der sendaren formidlar kunnskap frå teoretiske analyser og forskningsresultat medan målgruppa sitt miljø kan vere praktisk arbeid utandørs i jordbruket med vekslende forutsetningar som vær, jobb- og familiesituasjon. Skilnader i arbeids- og livsmiljø er derfor ei forklaring på kvifor det som vert oppfatta som relevant frå ein ståstad, ikkje er det frå ein annan. Det er derfor viktig at rådgjevinga frå sendar blir gjort på mottakaren sine premiss. Ein annan viktig forutsetning er at det må vere tillit mellom sendar og mottakar.

Hovudprinsippet i all rådgjeving blir derfor å yte "hjelp til sjølvhjelp". I landbruksrådgjeving vil det seie at bonden sjølv må ta avgjerdene og stå ansvarleg for desse. Rådgjevaren sitt ansvar kan ikkje gå lenger enn til å informere om gjevne rammer og konsekvensar av ulike val (Nitsch 1990).

BESLUTNINGSPROSESSEN HJÅ BØNDER.

Ein bonde kan samanliknast med ein bedriftsleiar. Han må stadig ta avgjerder og leie sitt vesle foretak. Sørli i Nitsch (1992) har gjennomført ein studie av små bedrifter innan tilverkningsindustrien. Han beskriv bedriftstyraren si leing av bedrifta som eit "papirlaust leiarskap". Dette kan samanfattast i fem punkt.

1. Bedriftsleiaren er ein "altmoglegmann". For bonden kan dette illustrerast slik som i figur 6.



Figur 6. Bonden sine arbeidsoppgåver.

Informasjonsøking og beslutningstaking er integrert i det daglege arbeidet og er eit resultat av dei problem som oppstår i arbeidet.

2. Leing av bedrifta er eit resultat av praktisk erfaring ved prøving og feiling.

3. Det er ei livsform å leie bedrifta der foretakaren sine sosiale og psykologiske behov er

viktige drivkrefter og er integrert i beslutningsprosessen. Bedrifta er eit uttrykk for foretakaren sin personlegdom.

4. Beslutningar i småforetak vert fatta på basis av intuisjon og erfaring og ikkje på systematiske analyser.

5. Informasjonstraumen til leiarane av dei små foretaka, skjer gjennom å prate med mennesker. Det kan vere kundar, leverandørar, kollegaer, ekspertar osv. Informasjon gjennom formelle kanalar vert dårleg likt.

RÅDGJEVAREN SI ROLLE

Ei forbetring av rådgjevinga inneber at bonden endrar inngrodde tankebaner og handlingsmønster. Dette kan ikkje rådgjevaren gjere for bonden ved å komme med rette svar eller ferdige løysingar. Det er bonden sjølv som må vurdere situasjonen for at han skal få ei målretta handling i forhold til hans ynskje og preferansar. Ofte må bonden ha hjelp til å vurdere denne situasjonen. Løysinga skal virke gjennom bonden og ikkje på trass av bonden (Nitsch 1990).

Måten rådgjevaren kan hjelpe bonden med å vurdere situasjonen rett, består derfor i å stimulere han til sjølv å tenkje gjennom verksemd si. Den beste modellen for dette er samtale med bonden. Rådgjevaren si oppgåve er derfor å spørje og lytte og gjere dette med innleving og engasjement.

Rådgjevaren er meir enn ein svarautomat for bonden. Han er like mykje ein person med ulike eigenskaper som bonden kan ha bruk for. Dette gjeld erfaringar på mange område som sosiale, psykologiske, økonomiske, tekniske og biologiske tilhøve. Men rådgjevaren kan også gje støtte og inspirasjon til å tenkje vidare.

Tully (i Nitsch (1990)) har nemnt to måtar rådgjeving kan bli utført på. Enten gjennom massemedia eller gjennom samtaler og personleg rådgjeving. Metoden som vert valt i rådgjevinga skal vere tilpassa problemet, situasjonen og tiltaket.

1. **Problemet** som oppstår i rådgjevingssituasjonen skal definerast i årsak- konsekvens-termar. Eit problem kan vere meir eller mindre enkelt eller vanskeleg.

2. Bonden si oppleving av **situasjonen** blir motivasjonen som leier til handling.

Situasjonen kan opplevast meir eller mindre akutt eller kronisk.

3. Bonden skal oppleve at tiltaket skal vere mogeleg å gjennomføre. Tiltaket kan vere meir eller mindre vanskeleg å gjennomføre.

Når det gjeld større oppgåver innan rådgjeving og der det er ein kompleks materie, vil personleg rådgjeving vere det beste.

Nitsch (1990) har gjennomført ein intervjuundersøking blant svenske bønder om kva slags eigenskapar dei synes rådgjevarane skulle ha. Dei vanlegaste svara her var at han burde vere menneskeleg, under dette kjem at han burde vere enkel å forstå, vere som vanlege folk, vere hyggeleg, ha respekt og vere god til å lytte og å prate med folk. Nesten like viktig som dette var at rådgjevaren hadde god fagkunnskap, god innsikt og erfaring.

Mesteparten av rådgjevinga rettar seg mot bøndene sin personlegdom gjennom det å påverke deira økonomi, arbeidsforhold, tryggleik m.m. Dette kan i følge Nitsch vere noko av bakgrunnen til kvifor dei svenske bøndene verdsett eigenskapar som trudom og praktisk fagkunnskap høgt blant rådgjevarane.

Nitsch (1990) meiner derfor det er tre forhold som bør vere til stades dersom rådgjevaren skal vinne tillitt hjå bøndene.

1. Vise respekt for bøndene
2. Vise interesse for bøndene
3. Utrykke seg forståeleg

Å vise respekt for bøndene inneber at ein aksepterer alt dei gjer som rett. Bøndene sin måte å leie ein gard på byggjer på erfaringar og er uttrykk for deira personlegdom. Vil vi hjelpe bøndene i deira styring av garden må vi ta utgangspunkt i dette. Vi kan ikkje hjelpe ein bonde om vi overser bonden sine erfaringar og personlegdom.

Å vise interesse for bøndene syner ein ved å lytte og samtale med dei. Det må skje ved at rådgjevaren er fysisk tilgjengleg. Akademisk språk vil ikkje passe og dette er ikkje lett for bonden å skjøne.

KLØFT MELLOM INTENSJON OG HANDLING.

Hagen (1990) har utforma ein arbeidshypotese om det som skjer i beslutningsprosessen hjå bonden. Bonden ønskjer og treng rettleiing. Han ønskjer å handle, men på grunn av ulike tilhøve maktar dei ikkje alltid det dei har lyst til eller det dei meiner er rett å gjere. Dette kan beskrivast som ei kløft mellom det vi kallar intensjonen om å handle og det å verkeleg utføre handlinga (Figur 7).

INTENSJON ? HANDLING

Figur 7. Kløft mellom intensjon og handling (Hagen 1990).

Hagen (1990) beskriv seks betingelsar som må vere til stades for at ei handling skal skje. Desse faktorane må vere tilfredstilt om kløfta mellom ønsket om å handle og handlingen skal overbyggast¹.

Hagen (1990) meiner at motivasjonen for handling kan vurderast ut i frå kor stor grad desse faktorane er tilfredstilt hjå bøndene. Dess fleire punkt som er oppfylt, dess sterkare blir brua mellom ønsket om å handle og handlinga sjølv (Figur 8).



Figur 8. Bru mellom intensjon og handling er oppretta (Hagen 1990).

Motivasjon kan kome inn fleire stader. Nokre er motivert på førehand, andre vert motivert av handlinga.

¹

I Hagen (1990) side 69 er desse faktorane forklart.

3.3. MOTIVASJONSTEORI.

Motivasjon - årsak til eller det som driv fram handlingar. Om ei handling skal verte utført, må dette sjåast i samanheng med alle dei motivasjonsfaktorane (motiva eller behova) som påverkar denne handlinga. Ulike motiv kan dra i kvar sine retningar og dermed "nøytraliserer" kvarandre. Det er såleis ikkje gjeve at motivasjon fører til handling (Hofset 1992).

Ved hjelp av motivasjonsteori kan ein til ein viss grad søke å analysere kva behov som ligg bak eit menneske si handling. Vi vil dele desse motivasjonsteoriane inn i tre hovudretningar.

1. ÅTFERDSTEORI.

Desse teoriane forklarar at motivasjonen er ei drivkraft som søker å tilfredsstille biologiske behov som svevn, mat, kjærleik og aggresjon (Hofset 1992). Dei biologiske behova fører til motiverte handlingar. Under åtferdsteori kjem også læring ved betinging. Overlevingsmotiva har lita direkte innverknad på motivasjon til læring. Dersom dei manglar, kan dei utgjere eit problem til anna læring (Rørvik 1970).

Både løn og straff kan brukast for å skape kjensler omkring ei utført handling. Løna vil då gje ei positiv kjensle i samband med denne handlinga, medan straffa vil gje ei negativ kjensle. Dette kallast assosiasjonsteori eller læring ved betinging. Løn og straff kan altså gje ei ønska åtferd som kan verte forsterka i både positiv og negativ lei (op cit).

2. KOGNITIVE TEORiar.

Adjektivet kognitiv vert brukt om alle kunnskapsprega prosessar og læringsresultat (Rørvik 1970). Våre motiv og behov vert i stor grad bestemt ut i frå korleis vi oppfattar situasjonen vi er i no, noko som igjen er bestemt av kva vi tidlegare har lært. Med andre ord er det korleis vi oppfattar omverda som er kjerna i dei kognitive teoriane. Desse teoriane legg også vekt på behov som det å vere nyfiken, interessert i noko og tilfredstillinga av å lære. Desse behova aukar ein person sin kompetanse til framtidige arbeidsoppgåver (Op. cit).

Imsen (1984) tek føre seg prestasjonsmotivasjon. Ho deler denne motivasjonen i to der ho snakkar om suksessmotivet som er ei positiv handling til det å prestere noko og angstmotivet som er ei redsle for nederlag. Det kan vere stor skilnad på det ein person

eller ei gruppe kan klare og det han/dei sjølv meiner han/dei kan klare. Aspirasjonsnivået er kva ei gruppe ventar at dei kan oppnå. Prestasjonsnivået er kva dei i realiteten kan oppnå. Skal ein oppnå ein god motivasjon hjå deltakarar i ein arbeidssituasjon, må det vere samsvar mellom aspirasjonsnivået og prestasjonsnivået. Aspirasjonsnivået må ikkje ligge urealistisk høgt i høve til prestasjonsnivået då dette vil kunne føre til at deltakarane gjev opp. Samstundes er det viktig at aspirasjonsnivået ligg noko høgare enn prestasjonsnivået for at deltakarane ikkje skal finne prosjektet keisamt. Det er motiverande å ha eit mål å strekke seg etter.

3. HUMANISTISKE TEORJAR.

Desse teoriane legg vekt på det reint menneskelege slik som sjølvrealisering, personleg fridom, val og ansvar (Hofset 1992). Både i kognitiv teori og i humanistisk teori går motivasjonen ut over dei reint fysiologiske behova.

Vi vil ta for oss to humanistiske teoriar.

* **Maslow** (1954) sette dei menneskelege behova inn i eit hierarkisk system der behova som kjem i ein "høgare orden" ikkje kan verte tilfredsstillt før dei meir grunnleggande behova er oppnådde. Teorien er forholdsvis detaljert med omsyn på å få fram dei ulike behova og motiva som ligg bak ei handling. I følge Schein (1980) er det derimot vanskeleg å prove den hierarkiske oppbyggnaden. Han peikar på at det som ligg i uttrykket sjølvrealisering vil endre seg etter utviklingsstega. Eit anna ankepunkt mot teorien er at han er for generell. Denne motivasjonsteorien er framstilt i tabell 1.

* **Herzberg** utvikla i 1966 ein hygiene- og motivasjonsfaktorteori. Desse behova er meir relaterte til arbeid (konkrete behov) enn kva tilfellet er for Maslow sitt behovshierarki. Sidan folk tenderar til å ønskje ulike ting på ulike tidspunkt og til å tolke arbeidsverdiar ulikt, er det i følge Schein (1980) vanskeleg å underbygge denne teorien.

Sidan Herzberg og Maslow sine teoriar eigentleg er svært like, har vi stilt dei opp i ein og same tabell slik at det skal vere lettare å samanlikne dei. Dette er vist i tabell 1.

	MASLOW SINE KATEGORAR (Hierarki)	HERZBERG SINE FAKTORAR (Realisert hierarki)
1	Fysiologiske behov	Arbeidsbetingelsar
2	Tryggleiksbehov (materielle) Tryggleiksbehov (interpersonlege)	Løn og fordelar Arbeidsleiing
3	Tilhøyring, kjærleik, sosiale behov	Arbeidskameratar
4	Behov for sjølrespekt (Eigen og respons frå andre) Sjølvbekreftande aktivitetar	Anerkjenning Ansvar
5	Sjølvrealisering	Utfordring i arbeidet

Tabell 1. Maslow behovshierarki og Herzberg sine hygiene- og motivasjonsfaktorar (Schein 1980).

Lat oss no gå litt nøyare inn på dei ein-skilde behova i Maslow sitt behovshierarki og Herzberg sitt realiserte hierarki som er framstilt i tabell 1.

1. Med fysiologiske behov meinast dei grunnleggande overlevingsbehova som er nevnt under åtferdsteorien. Desse behova tilsvarer arbeidsbetingelsar i Herzberg sin hygiene-faktor som altså er det grunnleggande i arbeidslivet.

2. Tryggleiksbehova omfattar frykt og aggresjon samt materielle goder som løn og fordelar. I tillegg tek Herzberg for seg arbeidsleiinga betydning for motivasjonen på dette punktet i hierarkiet.

3. Under kontaktbehova kjem tilhøyring og sosiale behov. Dette tilsvarar kontakten med arbeidskameratane i Herzberg sin hygiene-faktor.

Dei behova som er vi har omtala til no, vert å sjå på som vedlikehaldsbehov (Maslow) eller hygiene-faktorar (Herzberg).

4. Sjølvhevdning tilsvarar Herzberg sine motivasjonsfaktorar som anerkjenning av og ansvar for det ein utfører.

5. I sjølvrealisering vil ein bruke evnene sine via skapande arbeid. Dette har Herzberg kalla utfordring i arbeidslivet.

I følge Madsen (1975) høyrer også behov som kunnskap, innsikt og oversikt heime på toppen av behovshierarkiet. Dei siste to behovskategoriene kan vi sjå på som motivasjonsfaktorar (Maslow/Herzberg).

Maccoby (1988) nevner ulike redskap som ei bedriftsleiing kan bruke til å fremje og dirigere motivasjon hjå dei ansatte. Desse punkta understrekar Herzberg sine teoriar.

- * Ansvar (Aldri over eller under kompetansen, utvikling av kompetansen, eksperimentering).
- * Løn (Verdsetting av arbeid, anerkjenning).
- * Grunngeving (Informasjon (her høyrer også tilbakemelding og forklaring om arbeidet til)).
- * Forbindelser (kollegaer, leiarar og andre menneske).

Dei ulike behovsteoriane har gitt oss kategoriar som kan vere til hjelp når vi skal analysere den menneskelege motivasjonen. På grunn av at teoriane ikkje tek for seg individuelle skilnader mellom personar, at dei ikkje i stor nok grad tek for seg modellar for vaksne personar og at desse teoriane er for generaliserte, kan det stundom vere vanskeleg å bruke desse teoriane i praksis (Schein 1980).

Loeng (1990) hevdar at når ein studerer vaksne folk sin personlegdom må ein ta omsyn til endringar skuldast stigande alder, frå dei som grunnar i sjukdom eller endringar av sosial og kulturell art. I følge Loeng endrar folk sine verdiar seg med alderen. Ein vert mellom anna mindre interessert i arbeidet ved stigande alder.

3.4. MEIR OM PROBLEMSTILLINGA.

Vi skal med bakgrunn i dei problemstillingane vi stilte i innleiinga og i det vi har lagt fram av teori om rådgjeving og motivasjon, meir detaljert utforme problemstillinga.

Desse problemstillingane heng i saman, men vi meiner vi må ha ei todeling då grunnane til at bøndene vart med/ikkje vart med er ei kompleks problemstilling som omfattar meir enn berre den rådgjevinga som er gjort.

GRUNNLAGET FOR MOTIVASJON.

Rådgjevinga gjennom prosjektet har vore med å skape motivasjon hjå bøndene til å delta. Bøndene sitt motivasjongrunnlag for å bli med er meir komplekst. Vi set derfor opp dette som ei eiga problemstilling og prøver heller å forklare det ut frå ting som har skjedd gjennom prosjektet og som har vore med å utløyse handlinga. Vi har i denne samanheng sett på motivasjonsgrunnlaget til dei bøndene som har delteke og dei som ikkje har delteke ved prosjektstart og -slutt.

Vi har sett på bøndene som ei gruppe og tolka svarte deira etter rangering av alternativ for å bli med. Bøndene er individuelle personar og dei svarar ut frå eigne forutsetningar, men vi meiner at vi ved å seie at bøndene er ei gruppe kan vi finne ein slags gjennomsnittsbonde og kva slags motivasjonsgrunnlag han har for å bli med. Vi har forenkla Maslow/ Herzberg sine motivasjonsteoriar til fire nivå ut frå det materialet vi har.

Hygiene- eller vedlikehaldsfaktorar.

1. Arbeidsbetingelsar, tryggleiksbehov, løn og fordelar.
2. Tilhøyring, sosiale behov og arbeidskameratar.

Motivasjonsfaktorar.

3. Behov for sjølvrespekt, anerkjenning og ansvar
4. Sjølvrealisering, faglege utfordringar i arbeidet

Nivå tre og fire er er bae motivasjonsfaktorar og det er ein glidande overgang mellom desse nivåa.

EVALUERING AV RÅDGJEVINGSDELEN.

For evalueringa av rådgjevingsdelen av prosjektet vil vi sette fram to arbeidshypoteser. Vi vil skilje mellom ein indre og ein ytre produktivitet. Den indre produktiviteten går på kva som er gjort i prosjektperioden, vegen mot målet eller prosessen undervegs medan den ytre produktiviteten seier oss noko om effekten av prosjektet sett i høve til prosjektmåla og vurderer i kor stor grad måla er oppfylde (måloppfylling).

Dette kan sammanfattas i ein modell som Hagen (1990 side 88) har laga. Denne skil mellom ein indre og ein ytre produktivetsmåling og er ein måte å evaluere Halden-vassdragsprosjektet på som vi har funne formålsteneleg.

Vi skal kort greie vidare ut om modellen.

1. Ytre produktivitet.

Hovudspørsmålet ein kan stille seg her, er korleis ein kan måle effekten av informasjonsdelen av rådgjevinga i prosjektet?

Vegen mot hovudmålet kan forklarast som ein prosess i tre trinn. Måloppfyllinga for prosjektet som heilskap kan definerast som reinare vatn. Gangen frå informasjonen startar til vi får mindre vassforureiningar frå landbruket til vassdraget kan gå slik (Figur 9).



Figur 9. Måloppfyllinga av rådgjevinga kan målast på tre ledd (HAGEN 1990).

Auka infomasjon fører til auka kunnskap blant bøndene som kan føre til at eit eller fleire tiltak vert sett i verk. Effekten eller måloppfyllinga av rådgjevinga kan målast på tre ledd. For det fyrste om det fører til auka bevisstgjerung blant bøndene om landbruksforureining (haldningsendring), dette kan i så fall føre til endra handlingsmønster (åttferd) når det gjeld dyrkningsmetodikk. Resultatet av redusert forureining kan målast i form av reinare vatn i bekkar/elver og vassdrag (betre siktedjup).

Det som kan kritiserast ved denne metoden å måle effekten av informasjonen i prosjektet på, er å finne ut kva som skuldast prosjektet og kva som skuldast andre årsaker. Dette er faktorar vi skal prøve å sjå nærare på.

2. Indre produktivitet.

Eit prosjekt kan også evaluerast ut i frå den prosessen som har gått føre seg. Det er ikkje rettferdig aleine å vurdere prosjektet ut frå graden av måloppfylling då prosjektet ikkje er avslutta. Som hovudregel kan ein seie at ein god ytre produktivitet er avhengig av ein god indre produktivitet (Hagen 1990).

Dette kan i følge Hagen gjerast på den måten at ein ved å vurdere om prosjektet har makta å optimalisere verkemidla slik at brukargruppene vert engasjert. Har prosjektleiinga valt å arbeide med dei riktige tinga er spørsmålet ein kan stille. For å finne ut av dette må vi gå tilbake til dei retningslinene som er nedlagt i prosjektplanane.

Vi har konsentrert oss om rådgjevingdelen i tilhøvet til bøndene. I verksemdsplanen for prosjektet står det at "*samarbeid og frivillighet har vært grunnleggende for gjennomføring av tiltakene*". Vidare står det om informasjon/kommunikasjon "*landbruksprosjektet har hatt som målsetting at informasjon om prosjektet og oppnådde resulater skal vies stor oppmerksomhet gjennom massemedia, orienteringar, brosjyrer og utstillinger*". Om bekkelag/grendelag står det "*ønskelig at alle tar felles ansvar for å bedre vannkvaliteten i sin bekk*". *Bekkelaget/grendelaget blir å oppfatte som en "samvirkeorganisasjon"*. *Bekkeleg/grendelag er en interessant organisasjonsform for utveksling av ideer og erfaringer*".

Hagen (1990) har konkludert med følgjande i evalueringa av "*handlingsplan mot landbruksforurensninger (1985-89)*": Det er generelt eit høgt kunskapsnivå hjå bøndene om forureining frå landbruket, og dei er villige til å gjere noko med det. Det finns unntak og truleg mest hjå dei bøndene som ikkje søker rådgjeving til vanleg. Gjennom ulike former for prosjektarbeid, samarbeidstiltak og gjennom grupperådgjeving (bekkelag o.l.) vil ein nå fram til folk flest slik at ein får korrigert mangelfull innsikt om landbruket sine forureiningsproblem. Dei miljøfaglege grunnane og årsakane må bli med når det vert oppfordra til miljøtiltak. Dette må til for at bøndene skal ha tillit til dei forslaga som kjem. Dette tilseier at eit prosjekt kan målast etter prinsippa om deltakarstyring, problemorientert og samarbeid. Bonden blir på denne måten i sentrum for rådgjevinga og ikkje eit objekt for rådgjevinga.


4. RESULTAT, FRAMSTILLING OG DRØFTING.

I dette kapitlet vil vi legge fram resultatene frå spørjeundersøkinga og drøfte dei i lys av pedagogisk teori og fagkunnskap innan området. Vi har valt ei slik tilnærming då det ligg opp til vår problemstilling. Til denne framstillinga har vi bruka enkel kvantitativ analyse der vi framstiller resultatene som forholdstal med kommentarer undervegs.

Vi har teke føre oss både dei som har vore med i prosjektet (heretter kalla A-brukarar) og dei som ikkje vart med (heretter kalla B-brukarar). I spørsmåla som går på prosjektet og kva som er oppnådd der har vi prøva å få fram skilnader mellom A- og B-brukarane.

4.1. YTRE PRODUKTIVITET-MÅLOPPNÅING.

Vi vil i her ta for oss måloppnåing for prosjekt når det gjeld haldning til overvintring i stubb, talet på dekar areal som er overvintra i stubb og effekten av reinare vatn gjennom prosjektperioden (jamfør figur 9). Måloppnåinga for A-brukarane kan beskrivast som vist i figur 10.



Figur 10. Måloppnåing for prosjektet når det gjeld haldning til overvintring i stubb og areal som er omlagt i stubb i prosjektperioden.

Figuren beskriv to ulike trinn av måloppnåinga gjennom prosjektperioden. I starten av prosjektet har berre 4 prosent av bøndene ei positiv haldning når det gjeld overvintring i stubb. Etter kvart som prosjektet skrid fram har bøndene blitt bevisstgjort på stubbarealet sin verknad for å hindre avrenning frå jorda og eit klart fleirtal av bøndene har blitt positive til overvintring i stubb i dag. Vi har ikkje målingar på haldningane til overvintring i stubb undervegs i prosjektperioden, men vi reknar med at den er nokonlunde lineær då vi går ut frå at kunnskapen om dette aukar omtrent likt frå år til år.


Vidare ser vi at den relative andelen av areal som er lagt om er omtrent likt med dei haldningane bøndene hadde i starten av prosjektet (før 1990). Dette handlingsmønsteret følgjast omtrent oppover. Vi ser at det i dag er omlag halvparten av arealet til bøndene som er lagt om i stubb.

Grunnane til at det ikkje er større samsvar mellom bøndene si haldning til omlegging og det omlagte arealet skuldast sannsynlegvis fleire tilhøve. Enkelte jordtypar eignar seg best til haustpløying, omlegging til stubb om vinteren er fortsatt under utprøving slik at bøndene garderer seg med å ha litt areal som blir bearbeida på tradisjonelt vis i tillegg til det omlagte arealet og der det er husdyr er det naturleg å ha ein del open åker for å pløye ned husdyrgjødsla om hausten.


Når det gjeld effekten av reinare vatn er dette eit usikkert målemiddel for effekten av prosjektet. Dette gjorde at vi ikkje teikna den inn i figuren. Den generelle tilstanden i alle vassdrag var dårleg i 1990, med siktedjup på ca 0,5 m. Sommaren 1991 var siktedjupet 2,0-2,5 m, og i 1992 endå litt betre. Denne endringa skuldast ikkje endra dyrkningsmetodar, men det varierende klimaet vi har hatt dei siste åra (Munn.med. Fylkesmannen i Østfold, Miljøvernavinga 1992). I følgje miljøvernavinga kan maksimal siktedjup estimerast til å vere omlag 5 m.

SKILNAD PÅ A- OG B-BRUKAR NÅR DET GJELD MÅLOPPNÅING.

I spørsmålet om haldning til overvintring i stubb, er det ei interessant utvikling mellom A- og B-brukarane i det dei meinte før prosjektstart og det dei meiner i dag (figur 11 og 12).



Figur 11. A- og B-brukarane si haldning til overvintring i stubb før prosjektstart.



Figur 12. A- og B-brukarar si haldning til overvintring i stubb i dag.

Før prosjektstart er haldninga omtrent like positive hjå A- og B-brukarane til overvintring i stubb. Haldningsendringa er klart mest positiv hjå dei som har vore med i prosjektet. Dette


tyder på at det kan ha vore ein effekt av informasjonen frå prosjektet til A-brukarane.

A-brukarane har i følge figur 10 hatt ei positiv utvikling med omsyn til areal lagt om i stubb. Når det gjeld B-brukarane så hadde dei ikkje omlagt areal i starten av prosjektet. Det meste for dei gjennom heile prosjektperioden var tre prosent omlagt areal. B-brukarane kom dårleg ut på dette trinnet i måloppnåinga.

Det var også stilt eit spørsmål om kva slags innverknad den første informasjonen frå prosjektet hadde på deira engasjement i prosjektet. 86 prosent av A-brukarane og 23 prosent av B-brukarane svarte at dei hadde blitt meir engasjert. I båe gruppene hadde fleirtalet svarte at dei i utgangspunktet var positive til prosjektet før informasjonen kom (75 prosent av A-brukarane og 60 prosent av B-brukarene). Dette viser at informasjonen har slått ulikt ut på A- og B-brukarar. Det kan vere fleire årsaker til dette.

INFORMASJONSKJELDER.

I figur 14 går det fram kva A- og B-brukarane meinte var dei viktigaste kjeldene for informasjon og erfaringsutveksling.



Figur 13. Viktigste informasjonskjelder til A- og B-brukarane.

Det går fram av figuren at A-brukarane prioriterte møter i bekke/grendelag som viktigaste informasjonskjelda. Dette er naturleg då A-brukarane er med i desse bekke/grendelaga. Dette kan tolkast slik at bekkelaga har fungert godt både sosialt, fagleg og samarbeidsmessig.

Etter bekke/grendelaga kom informasjon frå prosjektet fram som viktigaste informasjonskjelde for A-brukarane.

A-brukarar verdset også samtaler med yrkeskollegaer og informasjon frå offentlege instansar (særleg landbrukskontora). Berre eit fåtal meiner at massemedia spelar noko rolle då dei tek i mot informasjon andre stader i frå.

Det vi vel å kalle informasjon innanfor fellesskapet (grende/bekkelag, prat med yrkeskollegaer, landbrukskontoret og andre offentlege instansar) har B-brukarane sett som forholdsvis lite viktige informasjonskjelder.


B-brukarane meinte at skriftleg informasjon frå prosjektet var viktigast. Dette er ikkje uventa då dei ikkje har vore så aktive på grende/bekkelagsmøta. Som nest viktigaste informasjonskjelde sette dei opp massemedia/aviser. Dette viser at B-brukarane mottek sin informasjon utanfor fellesskapet. Dette kan resultere i at dei kan få ei kjensle av å stå på utsida av prosjektet.

4.2. INDRE PRODUKTIVITET - PROSESSEN.

I dette kapittelet vil vi ta for oss det som har skjedd i prosjektetperioden med tanke på dei tre prinsippa om prosjektet har vore **deltakarstyrt**, retta mot **samarbeid** og om det har vore **problemorientert**.

DELTAKARSTYRT

Vi stilte spørsmålet om "i kva grad meiner du at brukarane sjølv har hatt innflyting på prosjektet når det gjeld anbefalte tiltak, framdrift og organisering". Svara er framstilt i figur 14. Dette spørsmålet gjeld berre A-brukarane.



Figur 14. Deltakarane si innflytning på prosjektet.

Det er eit stort fleirtal som meiner at dette er viktig og dei har svart enten i nokon grad eller stor grad. Dette tyder på at prosjektleiinga har klart å få med bøndene slik at dei kjenner seg involvert i prosjektet. Dette kan vere fordi prosjektleiinga aktivt har spela på lag med bøndene sine eigne organisasjonar som Bondelaget og forsøksringane. Dei er trekt med i styringa og organiseringa av prosjektet. "Bonden som medforskar" er ein parole prosjektleiinga har nytta.

SAMARBEID

Det er eit delmål for prosjektleiinga at bøndene skal samlast på lokalplanet og samarbeide seg imellom i grende/bekkelag. Vi har spurt korleis desse bekkelaga har fungert for A-brukarane. På dette spørsmålet har alle svara at dei hadde deltatt i bekkelag, og alle var middels eller godt nøgde med bekkelaga. I følge figur 13 har grende/bekkelaga vore viktigaste informasjonskjelder og kan derfor seiast å ha vore viktig for samarbeidet mellom A-brukarane.

PROBLEMORIENTERT

På spørsmål om det var behov for å redusere forureininga ytterlegare til vassdraget svarte

nesten alle A-brukarane (95 prosent) ja på dette. Nesten like mange av B-brukarane svarte også ja på dette (85 prosent). Dette kan tilseie at bøndene ser problemet med forureining som aktuelt og reelt for sin situasjon.


Når det gjeld spørsmålet om kor alvorlege bøndene meinte forureininga av vatn og vassdrag som følge av jordbruket i Haldenvassdraget var, svarte 95 prosent av A-brukarane at det var mykje alvorleg eller noko alvorlig. B-brukarane hadde omlag same oppfatninga. Dette viser at gardbrukarane er klar over si eiga forureining.

4.3. KVIFOR VART BØNDENE MED I PROSJEKTET?

I undersøkinga vart det stilt spørsmål om kvifor dei blei med i prosjektet. Kvar brukar kunne krysse av inntil tre alternativ. Vi har måla kvart svaralternativ i forhold til talet på brukarar som svarte på dette spørsmålet i undersøkinga. Vi har såleis fått ei relativ fordeling av svara.

Vi har drøfta motivasjonsgrunnlaget til bøndene til kvifor dei vart med, opp mot Maslow og Herzberg sine teoriar om å gruppere menneska sine behov etter hierarkisk system.

MOTIVASJONGRUNNLAGET HJÅ A-BRUKARANE FØR PROSJEKTSTART.



Figur 15. Motivasjon til A-brukarane før prosjektstart.

Bøndene har føretrekt økonomiske svaralternativ. Det er viktig å redusere jordtap, økonomisk på sikt og økonomisk kompensasjon har omlag halvparten vurdert som viktige årsaker.

Dette kan tyde på at dei vil sikre seg økonomisk før dei vil prøve ut nye metodar. Dei vil vere trygge på at dei har bra rammevilkår for det dei driv på med. Dette er i følgje Maslow/Herzberg sitt behovshierarki naturleg då grunnleggjande behov må vere tilfredstilt i rimeleg grad før eit anna behov byrja å influere motivasjonen.

Det neste nivået i svara var den samfunnsmessige sida av saka og eigen trivnad. "Det er fælt å sjå forureina vatn" og "vi vil vise oponionen/samfunnet at vi gjer noko sjølv med problemet", er svaralternativ som henholdsvis 39 og 34 prosent av brukarane er einige i. Dette kan tyde på at etter at bonden har sikra seg økonomisk, tenkjer dei på eigen anerkjenning og trivnad ved bondeyrket (respekten ved det å vere bonde). Dei har ein trong til å bli sett på som ei yrkesgruppe som bryr seg om miljøproblema som dei sjølv har vore med og laga. Dette kan tolkast ut frå Maslow/Herzberg sitt behovshierarki som at dei har trong for å høyre til i samfunnet og verte akseptert som yrkesgruppe.


Bonden har også behov for utvikling innan yrket sitt. Derfor har mange svart at dei synes det var ei positiv informasjon om å delta i prosjektet, og at det var basert på friviljug innsats med utprøving av tiltak. Bonden finn også at det nye innan prosjektet er fagleg interessant og han grip begjærleg etter høvet til å få vite og forstå meir.

I dei to siste trinna har vi kome opp i det som vert kalla motivasjonsfaktorar eller vekstbehov i Maslow og Herzberg sitt hierarki. Det er tilfredstillinga som motiverer - tilfredsstilling til å strekke seg stadig lenger inn i meistring eller sjølvtilfredsstilling. Behovet for å lukkast er sterke drivkrefter. Og apetitten veks medan ein et, og ein sjølv veks. Mykje vil ha meir for å sitere Hofset (1992).

Denne utviklinga av motivasjonsgrunnlaget hjå bonden synes naturleg. Dess høgare opp i hierarkiet bonden kjem, dess meir interessert blir bonden i dei faglege spørsmåla og utfordringane som er der. I det nederste nivået er det mangel på tilfredsstilling som motiverer. Når mangelbehova som økonomisk tryggleik er rimeleg tilfredstilt, er ikkje desse behova aktive lenger, og då er bana klar for å prøve ut nye metodar.

MOTIVASJONGRUNNLAGET HJÅ B-BRUKARAR FØR PROSJEKTSTART.

På spørsmål til B-brukerane om kva slags haldning dei har til vidare arbeid med å redusere forureiningane frå landbruket på grunnlag av erfaringane frå prosjektet svarte 60 prosent at dei er positive, medan 13 prosent er negative og resten er avventande. Det naturlege spørsmålet er då kvifor dei ikkje vart med på ulike tiltak når haldninga er så positiv. Desse årsakene er lista opp i figur 16.



Figur 16. Årsaker til at B-brukarane ikkje vart med i prosjektet.

Den klart viktigaste grunnen til B-brukarane for ikkje å delta er at dei meiner dei ikkje har jordtap og at dei meiner det fører til dårlegare avling/økonomi ved å overvintre i stubb. På dei andre alternativa er svara nokonlunde jamnt fordelt.

Det at bøndene sjølv meiner dei ikkje har jordtap kan skuldast at dei dei ikkje har nok kunnskap om emnet jordavrenning eller at dei har så mykje kunnskap at dei vurderer det slik at dei ikkje har avrenning. Denne gruppa er derfor vanskeleg å plassere i eit nivå innanfor vår modell. Ein del svarar nok slik fordi dette er eit trygt svar og andre fordi dei er så realiserte (jamfør Herzberg sitt realiserte hierarki) når det gjeld faglege problem at dei vurderer dette godt sjølv.

Når bøndene svarar at dei ikkje tør prøve overvintring i stubb skuldast nok det at det er så

usikkert at dei ikkje tør sjangse med dette. Dei er avhengige av sikker inntekt frå garden og vil såleis sikre seg rammvilkår materielt sett. Dette botnar truleg i at dei vil ha tryggleik (jmfør Maslow). Dei andre svaralternativa har også ein viss grad av tryggleiksmoment i seg. Dei reserverer seg for å bli med når dei svarar at dei vil vente å sjå resultat av andre forsøk, det er for mykje nytt å sette meg inn i, det blir dårleg tid og det vil bli meir ugras. Det er sjølvstøtt også faglege vurderingar hjå ein del av dei. Likevel vil vi vurdere flesteparten av desse svara til å ligge i båsen tryggleik hjå Maslow og Herzberg sine behovshierarki.

Ein av årsakene til at så mange vel tryggleik meiner vi kan ligge i sosiologiske forhold. Ein god del av B-brukarane er eldre brukarar. Dei er enten pensjonistar eller rett før pensjonsalderen. Dette kan tyde på at interessa for faglege ting ikkje er så store lenger. Dei vel å satse på det tradisjonelle som dei veit er sikker og trygt. Ein annan årsak kan vere personlegdomen til bøndene som rett og slett vel å satse på det dei veit er trygt og ventar på å gjere noko til det motsette er prova.

B-brukaren har endra engasjement gjennom prosjektet i positiv retning og dette skuldast informasjonen.

Ein del bønder har også blitt med undervegs. Til dømes er 60 prosent av bøndene i Aurskog-Høland med (munn. medd. Gomsrud, landbrukskontoret i Aurskog-Høland 1992).


MOTIVASJONSGRUNNLAGET HJÅ A- OG B-BRUKARANE FOR Å DELTA I FRAMTIDA.

I dette avsnittet vil vi undersøke kva bøndene meiner skal til for å motivere dei til fortsatt arbeid mot landbruksforureining.

På spørsmål om "det er nødvendig med vidare arbeid for å redusere forurensning til Haldenvassdraget", svarte 95 prosent av A-brukarane ja og 86 prosent av B-brukarane. Det er ein klar tendens til at både A- og B-brukarane er einige om at forureininga fortsatt er så alvorleg at det framleis er nødvendig med vidare innsats.

Når det gjeld spørsmålet om kva som er viktig for at den einskilde bonden skal fortsette å arbeide mot forureininga, var det fleire alternativ. Figur 17 syner resultatene av A-brukarane sine svar. B-brukarane har omlag same svarfordeling og deira resultat er difor ikkje teke

med i figuren.



Figur 17. Forutsetningar for å halde fram i prosjektet.

Av figuren går det fram at informasjon om prosjektet og økonomisk kompensasjon er dei viktigaste grunnane til at bøndene skal fortsette arbeidet med å redusere forureininga. Tilsvarende tal for B-brukarar er 50 prosent for økonomisk kompensasjon og 38 prosent for grundig/konkret informasjon.

At bøndene ønskjer å sikre seg økonomisk tyder på at dei legg vekt på tryggleiksbehovet. Informasjon til bøndene om kva som skjer i arbeidet mot forureining kjem under det øvre trinnet i hierarkiet, sjølvrealisering, då dette gjev auka kunnskap, innsikt og oversikt. Dette kan samstundes tolkast som ein anerkjenning og gje nye utfordringar i arbeidet.

Nest viktigast for både A- og B-brukarane er at ein må få tid til utprøving av tiltak. Utprøving av tiltak bygger på eit behov for sjølvutvikling innan yrket og høyrer heime under vekstbehova i Maslow og Herzberg sine hierarki. Når ein får utvikle seg sjølv vil dette gje ein sjølvtilfreds person som er motivert til handling.

At bøndene sin innsats må basere seg på friviljug deltaking er rangert omlag like høgt som utprøving av tiltak. Dette punktet kjem under arbeidsbetingelsar i Herzberg sitt realiserte hierarki.

Etter desse forholda har både A- og B-brukarane teke med klare forskrifter om kva som er lov/ikkje lov. I Maslow sitt behovshierarki gjev forskriftene ein tryggleik slik at ein veit kva ein skal gjere medan Herzberg oppfattar dette som at arbeidsleiinga skal gje klare beskjedar om kva og korleis tiltak skal utførast.

Samtaler med naboar gjev både ny informasjon og ei kjensle av å tilhøyre ei gruppe. Dette høver også godt i Herzberg sitt realiserte hierarki under punktet arbeidskameratar.

Til slutt kjem avgifter der berre to prosent har svara at det ville vere eit bra tiltak for å motivere til fortsatt arbeid. Det er grunn til å anta at nokre av bøndene vegra seg for å sette kryss her då dei meinte at det vil fremje eit krav frå opinionen om avgift.

5. DISKUSJON - KONKLUSJON.

Vi skal i dette kapitlet prøve å trekke fram hovudlinene i det materialet vi har lagt fram. Det er ikkje drege nokre klare konklusjonar. Til det meiner vi materialet er for tvetydig og for lite. Vi vil også kome med nokre forslag til det som kunne ha vore gjort anseis.

5.1. RÅDGJEVINGSDELEN.

Haldenvassdragsprosjektet kan seiast å vere velukka ut i frå dei resultatata vi har lagt fram. Det som prosjektleiinga sette seg som mål med stubbareal er oppfylt, og bøndene er stort sett godt nøgde med det som har hendt i perioden prosjektet har vart.

Tida var nok mogen for å gjere noko med forureiningane frå landbruket til vassdraget. Bøndene såg forureiningane og visste at noko måtte gjerast. Den tradisjonelle måten å drive jorda på med haustpløying førte til stor avrenning av jord og næringsstoff til vassdraget. Det var også direkte uøkonomisk å fortsette å drive jorda si på den måten med mykje tap av jord.

Det bøndene trengte var eit spark bak for å komme seg ut av "dvaletilstanden" eller "ned av traktoren" som eit av intervjuobjekta sa. Dei trengte meir kunnskap om redusert jordarbeiding. Samstundes var dei også engstelege for at forbod mot all haustpløying ville kome og var derfor positive til å prøve ut nye dyrkingsmetodar.

Prosjektleiinga skjønna dette og spela korta sine godt. Dei sette realistiske mål for prosjektet. Samstundes har prosjektleiinga bruka dei rette verkemidla til rett tid slik at bøndene har blitt med.

Informasjonen som vart utarbeida vart godt motteken. Bøndene var aktivt med i prosjektet både i organiseringa og gjennomføringa. Bøndene vart dregne inn som "medforskarar", og dei skulle få høve til å prøve og feile med ulike dyrkingsmetodar under kjente tilhøve heime på garden. Rådgjevarane vart ikkje aleine om å drive fram kunnskap og svar på dette området ved å vise til forskingsresultat. Dette kan forklarast på denne måten (figur 18).

Auka informasjon---->Kunnskap----> Tiltak (Bonden si handling)

Figur 18. Samspelet mellom bonden si handling og kunnskapsauken.

Bøndene ser resultatene av sine egne dyrkingsforsøk. Dette saman med informasjon frå rådgjevarane fører til korrigerings av kunnskapen til bøndene. Det er bonden sjølv som må vurdere situasjonen og det han vil gjere på sin gard. Rådgjevaren vert ein slags konsulent for bonden.

Haldninga mellom bøndene og rådgjevarane var at her skulle dei saman finne ut kva som skulle gjerast for å redusere forureininga frå landbruket. Samtidig vart bøndene gjevne økonomiske rammevilkår for å drive på. Dei vart gjevne kompensasjon som dekkja opp ein del av kostnaden ved å legge om og til å prøve ut dei nye metodane.

Prosjektleiinga hadde tiltru til at bonden ville klara å løyse opp i sine egne problem. Denne tilitten har blitt gjensidig. Bøndene har kjent at dei har kunna stole på prosjektleiinga. Dette har skapt eit trygt og godt klima rundt heile prosjektet og bøndene har blitt meir engasjerte.

Prosjektleiinga har skjønnt bøndene sin tankegang og har lukkast med å formidle informasjonen på bonden sine premisser. Dette tyder også dei signala som prosjektleiar Fundingsrud spela ut i starten av prosjektet (Halden Arbeiderblad 10/2-90). Sitat " *Vi må spille på samme lag som bøndene... Innpill fra bøndene er viktig for å løse problemene.... Det er uheldig med et forbud mot pløying. Dette vil ha en uheldig psykologisk effekt... Det er viktig å få til et godt samarbeid mellom bøndene og prosjektledelsen om tiltakene som skal gjennomføres... Viktig at bøndene som legger om får premiering..*".

Rådgjevarane må ha hatt mange av dei personlege eigenskapane som Nitsch (1990) referer til at ein rådgjevar bør ha. Dei må ha hatt stor respekt for bøndene som gruppe og dei har vist interesse for bøndene. Dei har også klart å uttrykke seg forståeleg. Bøndene seier seg jamnt over godt nøgd med det som prosjektleiinga har gjort. Eit sitat frå spørjeskjemaet kan vere beskrivande her. "*Fundingsrud er eit "fund" for prosjektet og la han forsatt "fundere" på problemet*".

I tillegg har prosjektleiinga vore dyktige taktikarar. Dei har definert problemet slik at samtaler med bøndene har vore det beste verkemiddelet for å løyse problemet (Jamfør

Tully). Problemet har vore så komplisert at personlege samtaler var den beste formen for å nå ut med rådgjevinga. Prosjektleiinga har bruka seg av små grupper av bønder og gjeve dei intensiv rådgjeving om temaet. Bøndene har vorte samla i grende-/bekkelag og dei har fokusert på det konkrete miljøproblemet og prata om det. Dette har verka motiverande på bøndene og har også fungert som eit slags gruppepress mot å gjere noko. Ein av kommentarene vi fekk på dette var: "Diskusjonene i grendemøtene er herlige"

I følgje Knotten (utdrag frå foredrag. I SFFL, nr 9 1989) vert bøndene på den måten dyktiggjort til å drive sitt eige fag og til å bruke naturressursene dei er sette til å sette forvalte. Kunnskapene mellom bøndene vert utveksla i slike grendemøte og det trengs berre nokon frå landbrukskontoret til å koordinere det heile. Dette har vorte kalla Ramnes-modellen.

Ein kan med grunnlag i dei erfaringane som er gjort i Haldenvassdraget seie at miljøvern ikkje kån isolerast i frå røyndommn til bonden som så oftast er oppteken av lønsemd og økonomi i det han driv på med. All rådgjeving må derfor skje ut frå eit heilskapssyn produksjons- og ressursmessig.

Prosjektet har hatt stor velvilje blant offentlege styresmakter når det gjeld pengeløyvingar. I staden for å sette desse pengane bort i forskning har midlane mellom anna gått til bøndene for å gi kompensasjon for avlingstap og for at bøndene sjølve skal få høve til å prøve ut ulike metodar jordarbeiding. Dette har nok ført til at fleire har blitt med i prosjektet.

Det er vanleg i andre typer miljøproblem at "forureinaren sjølv skal betale" for dei utsleppa han har. I framtida må nok bøndene vere budd på ein slik tankegang. Dette gjer at bøndene langs Haldenvassdraget har kome særleg gunstig ut av problemet med å hindre avrenninga av jord og næringsstoff.

5.2. MOTIVASJONSDELEN.

Vi vil dra fram tre trekk som vi synes er verd å kommentere ut frå materialet:

1. Motivasjon er som vi har drøfta tidlegare knytta til handlinga som vert gjort. Vi har spurt bøndene om motiva deira for å bli med. Det var vanskeleg å finne noko eintydig samanheng ut av svara dei gav. Det kan tyde på at det er andre forhold som har spelarinn

og gjer det komplekst å tolke motiva til bøndene.

Men det er tydeleg at bøndene har reagert på informasjonen som er gjeven og at dette har ført til ei handling slik at omlag halvparten av bøndene vart med i prosjektet. Dei er med andre ord blitt motivert for handling ut frå den kunnskapen som er formidla. For dei bøndene som ikkje har delteke kan det ha vore andre forhold som har verka sterkare enn motivasjonen til å delta. Dette har dermed nøytralisert motivet for å handle og dei har derfor ikkje blitt med.

I følgje Gomsrud ved landbrukskontoret i Aurskog-Høland (munn.med 1992) er det mange årsaker til kvifor ikkje alle bøndene vart med frå starten. Ein del tenkte økonomi og tryggleik og vart sitjande på gjerdet og vente og sjå korleis det gjekk. Andre bønder er så tradisjonelle at det er vanskeleg å bryte den inngrodde vanen at det skal vere ferdigpløgd til elgjakta.

Gomsrud (op.cit) seier også at det er positivt at så mange har blitt med i prosjektet og at det har gjeve mange positive erfaringar om ulike dyrkingsmetodikkar. Dette er eit teikn på at prosjektet lukkast og derfor vert fleire bønder med. Men det er sjølvstøtt også viktig å følgje opp med konkret informasjon når prosjektet er slutt og gulrota med økonomisk kompensasjon forsvinn. Han regnar med at totalt stubbareal vil gå ned ein del etter at prosjektet er avslutta då det ikkje lenger vert så mykje fokusert på dette problemet.

2. Bøndene viste seg å følgje ein forenkla modell av Maslov og Herzberg sine behovshierarki i starten av prosjektet. Dei prioriterte grunnleggande behov som tryggleik og økonomi før dei var viljuge til handling. Når desse behova var nokolunde tilfredstilt klatra dei oppover i hierarkiet og såg den faglege utfordringa i arbeidet som motiverte til vidare handling. Dei var viljuge til å delta fordi dei på denne måten fekk realisert seg sjølv.

Skilnaden på A- og B-brukarane var hovudsakleg at A-brukarar vart meir realiserte gjennom å delta medan B-brukarar prioriterte tryggleik og vart verande passive i forhold til prosjektet. Eit anna tilhøve er at enkelte B-brukarar vurderer det unødvendig å bli med på grunn av at dei meiner dei har jord som ikkje har avrenning. Dette kan botne enten i mangel på fagleg kunnskap eller i fagleg dugleik.

I dag er biletet omstokka og ikkje så enkelt. Ein del B-brukarar har vorte med i prosjektet og på den måten gjort eit sprang i behovshierarkiet. Det er framleis ein del A-brukarar

som prioriterer tryggleik gjennom økonomisk kompensasjon og er på det nivået medan andre ser dei faglege utfordringane i arbeidet og tykkjer det er sjølvutviklande.

Konklusjonen må bli at det ikkje er eit eintydig bilde av bøndene som gruppe når det gjeld bakgrunn for å bli med. Dette kan forklarast i skilnad i sosiologiske og kulturelle tilhøve. Det er mellom anna skilnad mellom bøndene i alder, utdanningsgrad og om dei er deltidbønder eller heiltidsbønder. Dette gjev utslag i at bøndene ser ulikt på eit problem og motiva som gjev handling vert ulike.

Denne tråleiken i handlingsmønsteret hjå B-brukarane kan endre seg over tid. B-brukaren sine viktigaste informasjonskjelder om prosjektet har vore skriftleg informasjon frå prosjektet og stoff i massemedia. I følgje Smedslund i Guldahl (notat 1990) er informasjon det motsette av usikkerheit, og derved er all informasjon med og dekke det menneskjelege behovet for tryggleik. Prosjektleiinga kan ut frå ein slik synsvinkel fortsette å fore bøndene med informasjon. Og dess meir personleg informasjonen vert gjeven, dess meir effektiv vert ho.

3. Skilnaden mellom A- og B-brukarar kan også forklarast ut frå ein kognitiv modell. Det kan vere skilnad i aspirasjons- og prestasjonsnivå mellom A- og B-brukarar.

A-brukarane har ein høg terskel på sitt aspirasjonsnivå og finn derfor det prestasjonsnivået som prosjektleiinga har sett opp som overkomeleg. Dei tykkjer det er interessant og motiverande å strekkje seg etter desse måla som prosjektleiinga har sett opp. B-brukarane har eit lågt aspirasjonsnivå og vurderer det prestasjonsnivået som er sett opp for uoverkomeleg og gjev opp.

Skilnaden på A- og B-brukarene kan truleg forklarast med det samme som vi nevnte i punkt to at bøndene ikkje er ei homogen gruppe når det gjeld tilhøve som utdanning, alder og yrkestilknytning. Desse skilnadene vil verke inn på i kor stor grad bøndene vil ta imot det nye og ukjente kunnskapen som vert informert om. For A-brukarane kan dei nye teknikkane passe godt i eksisterande kunnskapssforråd og blir lett assimilert. Det er liten indre konflikt og balansen er snart oppretta. Motstanden mot dei nye kunnskapstrukturane er større hjå B-brukarane. Dei vil helst gløyme eller oversjå dei nye kunnskapene som vert formidla. Etter ei tid med stadig påfylling av ny informasjon kan motstanden bli broten ned og bøndene byrjar å handle (akkomodasjon).

Det som kan kritiseras ved prosjektleiinga på dette punktet er at dei har sett lista for høgt

til å få med seg alle. Men dette er det neppe dekning for å hevde då ein ikkje kan kreve at prosjektleiinga skal sette individuelle mål for kvar enkelt bonde slik at han trur at han maktar å strekke seg mot prestasjonsmålet som er sett.

5.3. KVA KUNNE HA BLITT GJORT ANSLEIS?

Det er ikkje lett å peike på det som burde ha vore gjort ansleis i prosjektet. Vi føler at prosjektleiinga har lukkast med det som ein med eit framandord kallar diaditikk. Dei har forklara bøndene kva som skal gjerast, dei har lukkast med korleis det har blitt gjort og kvifor det måtte gjerast.

For å trekke fram nokre moment siterer vi enkelte uttalingar vi fekk av bøndene:

- Det burde ha vore endå meir oppsøkande verksemd med personleg rådgjeving for å få alle bøndene med.
- Burde ha gjeve økonomisk støtte der det var nødvendig, mykje av pengane gjekk til område der det ikkje var avrenning eller til og med utanfor vassdraget. Litt panikkarta utdeling av den økonomiske stønaden
- Det burde framleis ha vore økonomisk stønad ved dyrking av haustkorn fordi dette også hindrar avrenning.
- Det burde ikkje ha vore økonomisk stønad i heile tatt. Det burde vere sjølvstøtt at bøndene gjorde noko med si eiga forureining utan å få betaling for det.
- Mediaomtala har tildels vore for mykje fokusert på forureininga i vassdraget skuldast bøndene.
- Det var alt for kort tid i prosjektet. Det burde ha vore meir tid til utprøving av tiltak og gitt økonomisk kompensasjon lenger. Då hadde ein også fått fleire med.

Vi finn alle desse vurderingane rimelege og let det vere med det. Det er trass alt mange bønder som er involvert med minst like mange oppfatningar av situasjonen. Dette gjer at det alltid er noko å merke seg ved det som er gjort. Men "til lags åt kan ingen gjere" som det så fint heiter i eit kjent ordtak.

LITTERATURLISTE.

Aschehoug og Gyldendal Store Norske Leksikon (1979).

Gabrielsen, R. (1985). Innføring i organisasjonsteori. Universitetsforlaget A/S.

Guldahl, T. (1990). Notat fra pedagogikkursene. Kommunikasjon.

Hagen, A.L. (1990). Handlingsplan mot landbruksforurensinger. Norsk Landbruksvitenskapelig Forskningsråd.

Halden Arbeiderblad (24/3 1990). Haldenvassdraget - skal det igjen bli rent?

Halden Arbeiderblad (10/2-1990). Alle berørte parter må komme med innspill.

Hennestad (1987). Kulturelle perspektiver på organisering av et grunnlag for kulturbevisst ledelse. Bedriftsøkonomenes forlag.

Hofset, A. (1992). Å undervise, Norges Landbrukshøgskole Asker.

Hægglom, S. (1992). Rådgivningslæra - en forsøksupplaga. Sveriges Lantbruksuniversitet, Uppsala.

Imsen, G. (1984). Elevens verden, innføring i pedagogisk psykologi. TANO.

Knotten, J. (1989). I aktuelt frå SFFL nr 9. Holdningsendringer til miljøspørsmål gjennom rådgivningstjenesten. Hva kan landbrukskontorene gjøre.

Loeng, S. (1990). Voksenpedagogikk i teori og praksis. Rapport fra NVI-prosjektet "Voksenpedagogikk - en teoretisk og praktisk tilnærming". Trondheim.

Maccoby, M. (1988). Hvorfor jobber vi - om motivasjon og nye generasjoners valg og krav til arbeidsmarkedet. Dagens Næringsliv Forlag.

Madsen, K.B. (1975). Motivation, trivsel og arbejde. Management-biblioteket.

Nordvik, E. (1992). Landbruksprosjektet i Haldenvassdraget. Årsrapport for 1991 og virksomhetsplan for 1992.

Nitsch, U. (1990). Informasjon fra SFFL nr. 3. Rådgivning i Lantbrukets føretaksledning.

Rørvik, H. (1970). Pedagogisk psykologi med generell psykologisk innføring. Universitetsforlaget.

Schein, E. (1980). Organisasjonspsykologi. 3. utgave. Tanum-Norli A/S